


# **Planprogram – Kommunedelplan for VAV**

Dato: 04.07.2025  
Versjon: 01



**Stranda kommune**

## Innhold

1	Bakgrunn for planarbeidet .....	3
1.1	Bakgrunn .....	3
1.2	Føremålet med planen.....	3
1.3	Planprogram.....	3
1.4	Planstatus.....	4
2	Viktige føresetnadar for planarbeidet.....	4
2.1	Nasjonale føringer.....	4
2.2	Regionale føringer.....	4
3	Fokusområder .....	5
4	Konsekvensutgreiing .....	6
5	Organisering og medverknad .....	6
5.1	Styringsgruppe .....	6
5.2	Medverknad .....	6
5.3	Digital VA-plan .....	7
6	Framdrift.....	8

## 1 Bakgrunn for planarbeidet

### 1.1 Bakgrunn

Stranda kommune har igangsett utarbeiding av ein felles kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø. Kommunen har tidlegare hatt ein hovudplan for avløp for perioden 2002-2005. Kommunen har aldri hatt ein hovudplan for vatn eller vassmiljø.

Ein ønskjer å sjå naudsynte tiltak innanfor vatn, avløp og vassmiljø i samanheng og prioritere tiltaka i ein felles handlingsplan. Kommunedelplanen skal setje langsiktige mål og føringar for VA-verksemda i kommunen.

### 1.2 Føremålet med planen

Kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø skal vere eit styrande dokument for aktivitet innan vatn og avløp i planperioden. I denne planen blir eksisterande situasjon undersøkt og gjennomgått, mål for VA-sektoren blir formulert, og tiltak og handlingsplan blir sett opp for å nå måla ein har sett. Det blir også sett opp kostnadsestimat for dei forskjellige tiltaka som grunnlag for budsjett og økonomiplan. Planen skal inngå som delplan for kommuneplanen sin arealdel, og leggje til rette for gjennomføring av denne med planar for utbygging og utbetring av VA-anlegg. Kommunedelplanen bør rullerast minimum kvart tiande år og handlingsplanen bør rullerast minimum kvart fjerde år. For å halde planen mest mogleg oppdatert, har vi planar om å ta i bruk digital VA-plan for å sikre ein mest mogleg levande og oppdatert plan, slik at behovet for rullering ikkje blir så stort. Meir om dette i kapittel 5.3.

Vass- og avløpsanlegg pregast av langsiktigkeit og robuste løysingar, og skal dimensjonerast for ei levetid på opptil 100 år. Strategiske investeringar, forvaltning og tilfredsstillande drift og vedlikehald er avgjerande for å oppretthalde levetida.

Kommunedelplanen skal vere eit styringsverktøy ved å angi:

- Gjeldande rammevilkår for VA-sektoren (lover og forskrifter)
- Status for vassforsyninga og avløpshandteringa i Stranda i dag
- Mål og strategiar for vassforsyning og avløpshandtering
- Framtidige utbetringstiltak og prosjekt som er naudsynte for å nå kommunens mål
- Kostnadsberekingar av planlagde tiltak og prosjekt

### 1.3 Planprogram

Planen skal ha status som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova (pbl). Det betyr blant anna at kommunen skal varsle oppstart av planarbeidet og utarbeide eit planprogram (dette dokumentet) jf. PBL § 4-1.

Planprogrammet har som føremål å:

- Avklare rammer, premissar og føremålet med planarbeidet.
- Synleggjere korleis planprosessen skal leggjast opp med omsyn til medverknad, fristar og deltakarar.
- Skildre kva planen skal omhandle, belyse alternativ og problemstillingar og behov for utgreiingar.

Planprogrammet si hovedoppgåve er å avklare kva kommunedelplanen skal konsentrere seg om og innehalde.

Framlegg til planprogram skal leggjast ut til offentleg ettersyn og sendast på høyring til offentlege høyringsinstansar og andre interesserte.

Med bakgrunn i innkomne merknadar og innspel skal kommunestyret vedta endeleg planprogram.

## 1.4 Planstatus

Kommunedelplanen blir rullert etter gjeldande kommuneplan. Denne kommunedelplanen vil gjelde for perioden 2027-2033.

# 2 Viktige føresetnadar for planarbeidet

Kommunedelplanen vil forholde seg til ei rekke lover og forskrifter, planar og vegleiarar, som vil bli nærmere omtalt i planen. Kommunedelplanen tek utgangspunkt i gjeldande lover og regelverk ved planvedtak.

Eit viktig prinsipp er at kommunen si planlegging skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

## 2.1 Nasjonale føringer

Plan- og bygningslova avgjer korleis landets areal skal brukast og regulerast. Lova skal fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Plan- og bygningslova omhandlar også krav til vass- og avløpsanlegg og bortleiting av overvattn.

Viktig lovverk/regelverk som spelar ei stor rolle i planlegginga er til dømes:

- Byggteknisk forskrift
- Vass- og avløpsanleggslova
- Drikkevassdirektivet
- Vassdirektivet
- Vassressurslova
- Vassforskrifta
- Drikkevassforskrifta
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Matlova
- Folkehelselova
- Avløpsdirektivet
- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Plan- og bygningslova

I tillegg til desse lovane/reglane har det kome nasjonale mål til vatn og helse (februar 2024), som vil gje naturlege føringer i det vidare arbeidet.

## 2.2 Regionale føringer

Viktig lovverk/regelverk som spelar ei stor rolle i planlegginga er:

- Stranda kommune si VA-norm
- Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Stranda kommune
- Forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg, Stranda kommune

### 3 Fokusområder

Hovudplanen er delt inn i fire element: rammevilkår, mål og strategiar, status og handlingsplan. Sjølv hovudplanen – kommunedelplanen for vatn, avløp og vassmiljø – skal fungere som eit strategisk styringsverktøy. Det skal sikre at vass- og avløpssistema fungerer som forutsett, at dei oppfyller krav til leveringssikkerheit, miljø og beredskap, og at det er ein heilskapleg samanheng mellom mål, rammer og prioriteringar i sektoren.

Handlingsplanen, som vedtakast av kommunestyret, vil definere dei overordna rammene, strategiane og handlingane, samt prioritere satsingsområda for vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø.

Tiltaksplanen er eit taktisk dokument, som vil vere eit meir detaljert og administrativt styringsdokument, og inneheld ei oversikt over konkrete prosjekt, framdrift og kostnadsberekingar for gjennomføring av investeringstiltaka. Denne vil kunne oppdaterast løpende etter behov, og tilpassast nye tekniske vurderingar og økonomiske rammer – utan krav om ny politisk handsaming.

Viktige tema i planarbeidet er antatt å vere:

- Skildre eksisterande vass- og avløpsanlegg i kommunen, tilstand og kapasitet.
- Skildre tilstanden i vassførekostane/resipientane.
- Setje konkrete mål for vatn, avløp og vassmiljø, for å nå lovfesta krav.
- Vurdere behov for utbygging av VA-anlegg som følgje av framtidig utbygging i samsvar med arealdelen av kommuneplanen.

#### Vassforsyning:

Planen skal leggje til rette for at Stranda kommune leverer tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatn som er klart og utan framtredande lukt, smak og farge, jf. drikkevassforskrifta.

#### Fokusområder:

- Sikre tilstrekkeleg vasstrykk på minimum to bar, i tråd med gjeldande standard abonnementsvilkår og NS 3055.
- Sikre tilstrekkeleg leidningsfornying, for å sikre leveringssikkerheit og hygienisk barrieresikring.
- Redusere lekkasjetalet på leidningsnettet.
- Vurdere vasskjelder/reservevasskjelder og beredskapstiltak.
- Tilrettelegge for naudvassforsyning og forsyningssikkerheit ved ekstremvær og framtidige behov.

#### Avløp:

Kommunen har ei todelt rolle inn avløpssektoren som både eigar av avløpsanlegg og lokal forureiningsmynde. Planen skal leggje til rette for ei robust, miljømessig og lovpålagt avløpshandtering, både sentralt og i spreidd busetnad.

#### Fokusområder:

- Utbygging og oppgradering av reinseanlegg i kapittel 13 og 14 av forureiningsforskrifta, i tråd med gjeldande utsleppsløyve og nytt EU direktiv.
- Kartlegge og vurdere tiltak for avløpsløsingar i spreidd busetnad.
- Sikre tilstrekkeleg leidningsfornying, for å redusere infiltrasjon og forureiningsfare.
- Separering av fellesleidningar for å redusere overløp og sikre riktig reising.
- Etablere tiltak for handtering av slam og avfall frå reising, i samsvar med gjeldande forskrifter og miljømål.

**Vassmiljø:**

Planen skal bidra til å ivareta og forbetre tilstanden i kommunens vassmiljø gjennom berekraftig forvaltning av vassressursar, og tiltak for å redusere negativ påverknad frå avløp, overvatn og arealbruk.

Fokusområder:

- Tilpassing til klimaendringar, med særleg vekt på flaum, overvatn og tørke.
- Oppfølging av miljømål etter vassforskrifta og EUs vassdirektiv.
- Kartlegging og vurdering av vasskvaliteten i resipientar og vassførekommstar, for å identifisere forureiningskjelder og prioritere tiltak.
- Fokus på bruk av lokal overvasshandtering (LOD), som ledd i å sikre vassmiljø og avlaste resipientar.
- Redusere utslepp frå avløpsanlegg, overløp og spreidd busetnad som påverkar vassdrag negativt.

## 4 Konsekvensutgreiing

Det er vurdert at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing for denne kommunedelplanen, jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 6 bokstav a.

Planen er ein tematisk kommunedelplan som omhandlar overordna mål og strategiar for vass- og avløpssektoren, og fastset ikkje ny arealbruk. Den gir derfor ingen juridisk bindande føringar for arealdisponering.

Utdrag frå Forskrift om konsekvensutgreiing § 6:

«Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:  
a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II».

## 5 Organisering og medverknad

### 5.1 Styringsgruppe

Kommuneplanutvalet (KPU) er politisk styringsgruppe.

Kommunedelplanen utarbeidast av dei tilsette ved avdeling for vatn og avløp i Stranda kommune. Ved behov vil avdelinga kontakte eksternt konsulentfirma for bistand til ulike delar av kommunedelplanen.

### 5.2 Medverknad

I plan- og bygningslova er forståinga av medverknad som enkeltpersonar og grupper sin rett til å kunne delta i og påverke offentleg utgreiing- og beslutningsprosessar. Det betyr at innbyggjarane i kommunen er med på å planlegge si eiga framtid. Kommunedelplanen er ein langsigktig plan. I arbeidet med kommunedelplanen for vatn og avløp er det eit overordna mål at det skal leggjast til rette for aktiv medverknad frå innbyggjarane i alle bygdelag i Stranda kommune.

Stranda kommune ønskjer at innbyggjarane og næringsliv skal engasjere seg i planarbeidet. Gjennom medverknad har ein moglegheit til å påverke arbeidet innan vatn- og avløpssektoren i kommunen.

Det skal leggjast opp til medverknad på følgjande måtar:

- Kunngjering i Nyss eller Sunnmørsposten, på kommunen sine heimesider og på sosiale medium.

I tillegg skal planprogram sendast til uttale hos følgjande instansar:

- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Mattilsynet
- NVE
- Nabokommunane Fjord, Skjåk, Stryn, Sykkylven, Ørsta og Volda
- ATTVIN
- Kommuneoverlegen
- Private vassverk

### 5.3 Digital VA-plan

Som ein del av satsinga på digital utvikling, har kommunen valt å ta i bruk Digital VA-plan, der planen publiserast i ei digital løysing. Dette gir ein meir levande plan, som er enklare å vedlikehalde, følgje opp og oppdatere over tid. Løysinga gir også innsyn for innbyggjarar og andre interesserte, og gjer det mogleg å sjå kva mål kommunen har satt for vass- og avløpssektoren og korleis vi ligg an i arbeidet med å nå måla.

## 6 Framdrift

Tabellen viser foreløpig framdriftsplan for planarbeidet. Denne kan bli endra i løpet av prosjektperioden av ulike orsakar. Det tas sikte på å få vedteke kommunedelplanen innan utgangen av juni 2026.

Aktivitet	Mai 25	Jun 25	Jul 25	Aug 25	Sept 25	Haust	Vinter	Vår	Jun 26	Haust 26	Nov 26
<b>Planprogram</b>											
Utarbeide forslag til planprogram											
1. gongs politisk handsaming			X								
Varsel om oppstart, høyring og offentleg ettersyn											
Handsame innspel											
2. gongs politisk handsaming Fastsetje planprogram					X						
<hr/>											
<b>Kommunedelplan VAV</b>											
Utarbeide utkast til hovedplan											
1. gongs politisk handsaming									X		
Offentleg ettersyn											
Handsame innspel											
Eigengodkjenning – vedtak av hovedplan i kommunestyre											X